



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1610 - 22/25498

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2022

Igangsetjingsløyve for planering av del av gbnr 212/150 og etablering av vass- og avløpsanlegg innanfor KBA1 - gbnr 212/132m.fl. Eikanger øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 381/22
Tiltakshavar: Atr Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av vass- og avløpsanlegg i delfelt KBA1 og sprenging og planering av del av gbnr 212/150 som ligg innanfor delfelt KBA3 på følgjande vilkår:

- 1. Oppdatert vass- og avløpsplan GH01 rev. C datert 11.03.2022 vert lagt til grunn for arbeidet.**
- 2. Rammeløyve datert 02.10.2015 med endring godkjend i vedtak datert 28.03.2022 gjeld.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjing av arbeidet knytt til sprenging og planering av del av gbnr 212/150 som ligg innanfor delfelt KBA3 og vass- og avløpsanlegg innanfor delfelt KBA1 slik godkjend i rammeløyve datert 02.10.2015 og endringsløyve datert 28.03.2022.

Vedlagt søknaden følgjer oppdatert vass- og avløpsplan med teikningsnr. GH01 rev. C datert 11.03.202

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.03.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.03.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Vilkår for å gje igangsetjingsløyve for tiltaket, slik det går fram av rammeløyvet med endringsløyve, er vurdert oppfylt.

Plassering

Oppdatert vass- og avløpsplan GH01 rev. C datert 11.03.2022 vert lagt til grunn for arbeidet.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarlege føretak og arbeidsområde går fram av oppdatert gjennomføringsplan versjon 3. Grensesnittet mellom føretaket Flage Maskin si erklæring om ansvar og arbeidet som er omfatta av føretaket Frode Haugsvær Maskin og Hjelmås VVS AS sine erklæringar går fram av søknaden.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1610

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

2513-GH01_C-byggetrinn 2

Kopi til:

Atr Eiendom AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN